

Etikken til IKA Møre og Romsdal byggjer på ei erkjenning av at det er positiv samanheng mellom god etikk og resultatata til selskapet.

Hovudformålet til dei etiske retningslinene er å skape felles haldningar til korleis selskapet skal drivast, slik at eigarar, tilsette og brukarane våre til ei kvar tid har tillit til profesjonaliteten og integriteten til selskapet.

IKA Møre og Romsdal ønskjer å vere eit selskap prega av å vere ærleg, omsynsfull og heiderleg ved at alle:

- Er lojale i høve måla til selskapet si verksemd
- Følgjer opp og set i verk vedtak som er fatta
- Unngår tilleggsserverv som kan føre til lojalitetskonflikt
- Er merksame på at kvar enkelt representerer selskapet

IKA Møre og Romsdal ønskjer å ha eit arbeidsmiljø der alle trivst og gjer ein god jobb ved at alle:

- Hjelper, oppmuntrar, støttar kvarandre og viser kvarandre respekt
- Er opne for endringar
- Deler kunnskap, metodikk og informasjon med kvarandre
- Samarbeider

IKA Møre og Romsdal ønskjer å bevare sjølvstendet til selskapet ved at alle:

- Unngår å ta imot nokon form for økonomisk fordel frå nokon av IKA Møre og Romsdal sine samarbeidspartar utover vanlege merksemdsgåver knytt til dømes til jul eller spesielle høve
- Seier frå til overordna dersom ein mottar eller blir tilboden ei gåve av monaleg verdi
- Avstår frå ei kvar form for påskjøning knytt til forhandlingar eller for ei bestemt kontrakt eller oppførsel frå selskapet si side

IKA Møre og Romsdal ønskjer å ha tilfredse brukarar med tillit til selskapet ved at alle:

- Er serviceorienterte og tar felles ansvar for alle brukarar
- Respekterer ønska til brukaren og er profesjonelle ved utføringa av alle typar arbeidsoppgåver
- Held avtalar

IKA Møre og Romsdal ønskjer å sikre ei mest mogleg objektiv og upartisk sakshandsaming ved at alle:

- Seier ifrå til næraste overordna straks ein blir merksam på at ein habilitetskonflikt kan oppstå
- Er merksame på alle tilhøve som kan vere eigna til å svekke tilliten til sjølvstendet til vedkomande

IKA Møre og Romsdal ønskjer å hindre at sensitive opplysningar kjem på avveggar ved at alle:

- Respekterer teieplikta
- Ser til at alle sensitive dokument blir handtert etter gjeldande regelverk og rutine

Forholdet til media:

Alle innbyggjarar har ein grunnlovsfesta ytringsfridom. IKA Møre og Romsdal oppfordrar sine tilsette til å delta i samfunnsdebatten på lik linje med alle andre, og må som i alle arbeidsforhold vurdere dette opp mot lojalitetsplikta.

Tilsette skal uttale seg slik at det klart går fram at ytringa er på eigne vegner. Tilsette bør vurdere nøye ytringar som openbart kjem i konflikt med lojalitetsplikta. Tilsette skal, så langt som det er mogleg, først via tenesteveg ta opp forhold som er innan eige fagområde. Saksbehandlarar skal ikkje uttale seg slik at det blir stilt spørsmål om deira part i saka.